



### **Arbeidsgruppe nedsett av prosjektleiar:**

Anne Mette Liavåg  
Anny Sønnerland  
Lars Fylling  
Roar Reiten

### **Mandat**

Utarbeide forslag til heilskapleg plan-leiings og styringssystem for nye Ålesund kommune

Eit heilskapleg plan, leiings- og styringssystem synleggjer korleis organisasjonen vert leia og styrt på ein effektiv og kunnskapsbasert måte mot overordna vedtekne mål.

Prosessen skal gjennomførast med brei involvering i organisasjonen.

### **Føringar frå prosjektleiar:**

- Heilskapleg styring i nye Ålesund kommune skal byggje på føresetnaden om at kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument, og sikre ein sterk samanheng mellom kommunane sine ulike plandokument.
- Systemet skal sjå styring og leiing i samanheng der verdibasert leiing og tillitsbasert kultur er sentralt. Leiarsprinsipp skal inngå i systemet
- Systemet skal og omtale nye Ålesund kommune sitt overordna internkontrollsystem. Det skal syne korleis dokumentasjon, avvik og varsling vert sett i system og aktivt nytta i forbetningsarbeid
- Systemet skal ivareta dei folkevalde sitt ansvar for strategisk leiing og administrasjonen sitt ansvar for å setje i verk politiske vedtak og styringssignal.
- Systemet skal synleggjere møteplassar for dialog, læring og utvikling på ulike nivå i organisasjonen
- Systemet skal forenkle og gjerne fornye det tradisjonelle kommunale plan og styringssystemet

- Systemet bør visualiserast på ein god måte både i form av eit årshjul og i form av den raude tråden mellom plandokument.

**Andre sentrale føringar:**

Intensjonsavtalen for nye Ålesund

Sak om overordna administrativ struktur

Sak om strategi- og satsingsområde for nye Ålesund